

Skysreglement for grunnskulen i Eid kommune

2017-2020



Innhald

- 1 Lovheimel / retningsgivande hovudpunkt
- 2 Kommunen sitt ansvar
- 3 Skyssrett for særskilde elevgrupper
 - 3.1 Skyss til private grunnskular
 - 3.2 Vaksne med rett til opplæring
- 4 Eleven sin heim
 - 4.1 Bustad
 - 4.2 Delt bustad
- 5 Eleven sin skule
- 6 Skyss til skulefritidsordning – SFO
- 7 Innmelding og skysskort
- 8 Vedtak og klagerett
- 9 Administrasjon / organisering
- 10 Særskilde skyssreglar for grunnskuleelevar i Eid kommune
- 11 Aktuelle lover og regelverk

1 Lovheimel / retningsgivande hovudpunkt

Kjelde: Opplæringslova §§ 7-1, 7-3 og 13-4

Skyssreglement for grunnskulen i Sogn og Fjordane 2013/2014 – www.sfj.no – samferdsle – skuleskyss

Elevar i 1. klasse som bur meir enn to kilometer frå skulen har rett til gratis skyss. For elevar i 2. – 10. klasse er skyssgrensa fire kilometer.

Rimeleg gangavstand til haldeplass er inntil ein kilometer for 1. klasse og inntil to kilometer for 2. – 10. klasse.

Akseptabel reisetid – gangtid, ventetid og tid med transportmiddel ein veg er:

- om lag 45 min. for 1. – 4. klasse
- om lag 60 min. for 5. – 7. klasse
- om lag 75 min. for 8. – 10. klasse

Elevar som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom har behov for skyss, har rett til det uavhengig av avstanden mellom heim og skule/SFO.

Funksjonshemming, skade eller sjukdom må dokumenterast med sakkunnig erklæring.

2 Kommunen sitt ansvar

Kjelde: Opplæringslova § 13-4

Ansvaret til kommunen omfattar alle elevar som er busette i kommunen. Fylkeskommunen skal organisere skuleskyssen i samråd med kommunen. Dersom kommunen og fylkeskommunen ikkje vert samde om korleis skuleskyssen skal organiserast, kan departementet (fylkesmannen) gje pålegg.

Ved fastsetting av timeplan og skulerute skal kommunen ta omsyn til skuleskyssen og organiseringa av denne. Det er føremålstenleg at skulane innan kommunen samarbeider om skuleskyssen. Omsyn til økonomiske og rasjonelle skyssløysingar skal vektleggast.

Kommunen/skulane har ansvar for å informere elevar/føresette om gjeldande regelverk i høve skyssrettar.

Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett på skyss. Dersom avstanden er under skyssgrensa, er det kommunen som fattar vedtak og har det praktiske og økonomiske ansvaret.

Kommunen skal kunne vise elevane til skysstilbodet fylkeskommunen alt har sett i gang dersom det oppfyller retten til elevane.

Kommunen betaler refusjon til fylkeskommunen etter gjeldande persontakst.

Om kommunen ønskjer ei betre tilpassing av skuleskyssen enn skyss etter eleven sine rettar i følgje opplæringslova, vert kommunen sjølv ansvarleg for meirkostnader ved dette.

3 Skyssrett for særskilde elevgrupper

3.1 Skyss til private grunnskular

Kjelde: Privatskulelova § 3-7

Elevar ved private grunnskular som har statsstøtte får dekka skuleskyss etter reglane som gjeld for tilsvarende offentlege skular, føresett at skulen ligg innanfor eleven sin heimkommune.

3.2 Vaksne med rett til opplæring

Kjelde: Opplæringslova §§ 4A-7 og 4A-2

Vaksne som ikkje har fullført grunnskulen, og som bur fire kilometer eller meir frå skulen, har rett til gratis skyss når dei får grunnskuleopplæring etter kapittel 4A.

Vaksne som på grunn av funksjonshemming, sjukdom eller skade har behov for det, har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda når dei får grunnskuleopplæring etter kapittel 4A.

Vaksne som treng grunnskuleopplæring for å kunne utvikle og vedlikehalde grunnleggande læring, har rett på gratis skyss.

Vaksne innvandrarak som får tilbod om undervisning i norsk og samfunnskunnskap har ikkje skyssrett. Kommunen må i slike tilfelle vurdere å dekke utgifter ved slik skyss.

4 Eleven sin heim

Kjelde: Rundskriv Udir-3-09, pkt. 4

4.1 Bustad

Bustad er i utgangspunktet den adressa eleven står oppført med i folkeregisteret. Fosterheim, mellombels bustad og avlastningsheim er og bustad.

4.2 Delt bustad

Ved delt bustad, er bustad begge foreldrebustadane. Eit barn har delt bustad når det bur tilnærma like mykje hos begge foreldra, og barnet har då rett til skyss frå begge heimane.

Vurdering knytt til forsvarleg reisetid vil kunne avgrense denne retten.

5 Eleven sin skule

Kjelde: Opplæringslova § 8-1

Kommunen avgjer kva skule eleven høyrer til. Elevar soknar i utgangspunktet til den skulen som ligg nærast heimen. Føresette kan likevel søke kommunen om at deira son/dotter skal gå på ein annan skule. Det er kommunen som avgjer om ein elev skal overførast til ein annan skule.

I slike tilfelle har vedkomande som hovudregel ikkje rett på å få dekka ekstrakostnadene med skyss.

6 Skyss til skulefritidsordning - SFO

Kjelde: Opplæringslova §§ 7-3 og 13-7

Elevar har ikkje rett på skyss til/frå SFO. Elevar som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade/sjukdom som har behov for skyss, har rett til tilpassa skyss til og frå SFO. Skade/sjukdom må dokumenterast med sakkunnig erklæring.

Retten omfattar ikkje skyss i skuleferiane.

7 Innmelding og skysskort

Kommunen melder samla skyssbehov for komande skuleår til samferdsleavdelinga innan 1. april. Innmeldinga skjer i den form/det format fylkeskommunen fastset. Private grunnskular sender inn elevlister/skysslister gjennom kommunen i god tid innan fristen.

Alle elevar – som etter gjeldande retningsliner har krav på fri skyss mellom heim og skule, vil få tildelt skysskort. Dette er å sjå på som vedtak om skuleskyss.

8 Vedtak og klagerett

Kjelde: Opplæringslova § 15-2 og Forvaltningslova §§ 28 og 29

Vedtak om grunnskuleskyss er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Vedtaket om fri skuleskyss kan klagast på. Frist for å klage er tre veker frå den dagen eleven tek imot melding om vedtaket. Ei eventuell klage, med kopi til Eid kommune, skal sendast til fylkesdirektøren for samferdsle i Sogn og Fjordane fylkeskommune som kan gjere om vedtaket. Det er kommunen som fattar vedtak og har det praktiske og økonomiske ansvaret når avstanden er under skyssgrensa på 2 km (1. klasse) og 4 km (2.-7. klasse). Dette medfører at klage på skyss går til Eid kommune når avstanden er under skyssgrensa og til fylkesdirektøren elles. Dersom klaga ikkje vert gjort om, vert saka sendt vidare til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane som fattar endeleg vedtak.

Klageretten gjeld spørsmål om retten til skuleskyss og skyss-standard.

9 Administrasjon/organisering

Den innmelde trongen for skuleskyss skal femne om all regelmessig skuleskyss gjennom skuleåret. Sakkunnig vurdering/vedtak må sendast til fylkeskommunen.

Oppretting av nye ruter eller endringar i gjeldande ruter som fører til meirkostnader for fylkeskommunen, skal godkjennast av fylkeskommunen innan 20. mai før nytt skuleår tek til. Endringar av skuleruter som er annonserte i ruteheftet, må meldast inn til fylkeskommunen seinast 1. mars.

Skulane sender melding på e-post til kommunenivå om skyssendringar gjennom skuleåret. Kommunenivå godkjenner og vidaresender desse meldingane til busselskapet.

10 Særskilde skysreglar for grunnskuleelevar i Eid kommune

Gjeldande vedtak om fri skyss:

- Elevar i 1. – 7. klasse med skuleveg langs riksveg med fartsgrense på 70 km/t og manglande gang- og sykkelveg har rett til skuleskyss. Dersom det er alternativ skuleveg som er kortare enn grensa for skuleskyss, skal denne nyttast.
- Elevar som må gå gjennom Erviktunnelen.
- Elevar frå Remmedalen
- Elevar frå Engeland
- Elevar i 2.- 4. klasse frå Taklo
- Elevar i 1.- 4. klasse som bur på sørsida av rv.15 frå Alsaker til Hjelle vegkryss
- Elevar frå Vedvika
- Elevar i 2. - 4. klasse frå Roti til prosjektet «E39/rv.15 Nor bru – Hjelle» er avslutta
- Elevar i 2. - 4. klasse som må passere toppen av Gota aust for Nytingnes gartneri
- Elevar i 2.- 7. klasse frå Nordheim, Nordnes og Kviane til gangvegprosjektet ved Nor bru er ferdig, og deretter for elevar i 2.- 4. klasse til brua ved mølla på fv. 663 er forbetra for gåande.

* I vedtaka over som gjeld frå og med 2. klasse, har elevane i 1. klasse fri skyss fordi strekninga mellom heim og skule er på meir enn 2 km.

Vinterskyss 15. oktober – 15. mars:

- Elevar som bur ovanfor Hauebrua i Kjølisdalen
- Elevar frå Stårheimsæter
- Elevar frå vestsida av Hjelmelandsdalen som bur meir enn 2 km frå skulen
- Elevar frå austsida av Hjelmelandsdalen som må passere svingen mellom Lidene og Balsnes.
- Elevar frå Rindane

11 Aktuelle lover og regelverk

Opplæringslova med forskrifter

Forvaltningslova

Skysreglement for grunnskulen i Sogn og Fjordane 2013/2014